



Det Kongelige Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

NOU 2016: 7 Høyring Karriereveiledningsutvalgets sluttrapport

Fylkesdirektøren for opplæring sender med dette over den politiske vedtekne høyringsfråsegna for NOU 2016: 7 *Høyring Karriereveiledningsutvalgets sluttrapport* for Sogn og Fjordane fylkeskommune

Med helsing

Kenth Rune T. Måren
teamleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Saksframstilling. NOU 2016: 7 Høyring Karriereveiledningsutvalgets sluttrapport
2. Vedtak frå fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane
3. Vedtak frå hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane

Mottakar (ar)

Det Kongelige Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 Dep. 0032 OSLO

Kopi til:

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
 Sak nr.: 16/5974-2

NOU 2016: 7 Høyring Karriereveiledningsutvalgets sluttrapport Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:

1. Hovudutval for opplæring vedtek høyringsfråsegna til NOU 2016: 7 *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn*, slik den kjem fram av saksframstillinga.

Vedlegg:

1. Høyringsbrev NOU 2016:7 - Høyring Karriereveiledningsutvalgets sluttrapport
2. Oversendingsbrev VOX
3. NOU 2016: 7 *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn* på høyring
4. Partenes kommentar til « NOU 2016:7 Norge i omstilling – karriereveiledning for individ og samfunn»

SAKSFRAMSTILLING

Kunnskapsdepartementet sende NOU 2016: 7 *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn* på høyring den 22.07.2016. Høyringsfristen er sett til 7. november 2016. NOU 2016: 7 *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn* er tilgjengeleg på www.regjeringen.no. NOU 2016: 7 er karriereveiledningsutvalet sin sluttrapport. Utvalet leverte delrapporten *Karriereveiledning i en digital verden* 15. oktober 2015. Hovudutval for opplæring handsama og leverte høyringsuttale til rapporten i sak 4/2016 i møte 23.02.2016

Arbeidslivet sine åtte hovudorganisasjonar er gjennom arbeidet med nasjonal kompetansepolitisk strategi gitt moglegheit til å komme med ei samla uttale til karriereveiledningsutvalet sin sluttrapport. Den samla uttalen vart sendt 08.06.16 frå VOX. Det er høve for høyringsinstansane til å kommentere uttalen frå organisasjonane (vedlegg 4)

2. Bakgrunn for saka

Karriereveiledningsutvalget blei oppnemnt ved kongeleg resolusjon 27. mars 2015 for å utgreie eit heilskapleg system for karriererettleiing. Utvalet kjem med vurderingar og tilrådingar knytt til kvalitet og profesjonalisering, styring og samordning, og finansiering av karriererettleiingstilbodet i Noreg. Fylkesdirektøren for opplæring legg i denne saka fram si tilråding til høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sentrale problemstillingar

[NOU 2016: 7 Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn](#) peikar på at tilgang til karriererettleiingstenester av høg kvalitet er avgjerdande i ei tid der det norske samfunnet i åra som kjem vil stå ovanfor fleire store utfordringar. Utvalet seier at god karriererettleiing har avgjerande innverknad på individet i valsituasjonar og for samfunnet si utnytting av tilgjengeleg arbeidskraft. Utvalet meiner òg at karriererettleiing er eit effektivt verkemiddel for å nå måla knytt

til omstilling, integrering og gjennomføring på alle utdanningsnivå. Utvalet kjem med vurderingar og tilrådingar for å auke tilgang og kvalitet når det gjeld rådgjeving i skulen, karriererettleiing ved karrieresentre i fylka, universitet og høgskular, fagskular og kriminalomsorga, i Nav og i introduksjonsordninga for nykomne innvandrarakar.

Rapporten konkluderer med at det er behov for ei heilskapleg satsing på dette området, slik at heile befolkninga får eit tilstrekkeleg og profesjonelt tilbod. Fylkesdirektøren for opplæring avgrensar høyringsuttalen til å gjelde områda: rådgjeving i skulen, karriererettleiing ved karrieresentre og introduksjonsordninga for nykomne innvandrarakar.

3. Vurderingar og tilrådingar

Rådgjeving i skule

I dag omfattar rådgjevingstenesta i grunnopplæringa både utdannings- og yrkesrådgjeving og sosialpedagogiske rådgjeving. Utdannings- og yrkesrådgjevinga skal gje råd og rettleiing om val av utdanning og yrke, og informasjon om utdanningsveggar både i Noreg og i utlandet. Medan den sosialpedagogiske rådgjevinga heilt spesifikt skal medverke til at den enkelte elev finn seg til rette i opplæringa.

For å styrke karriererettleiinga i skulen meiner utvalet at det må gjennomførast ei reell deling av rådgjevingsfunksjonen i grunnopplæringa, og at det som i dag kallast utdannings- og yrkesrådgjeving, endrar namn til karriererettleiing. Utvalet seier at karriererettleiarar primært skal vere tilsett i fulltidstillingar, men legg opp til lokal fleksibilitet og tilpassing. Vidare poengterer utvalet at karriererettleiarar i skulen bør definerast i eigen stillingskategori, og at det vert innført kompetansekrav både for karriererettleiarar og for lærarakar som skal undervise i faget utdanningsval.

Utvalet seier vidare at det bør utviklast eit karriererettleiingsfag for elevar på studieførebuande program i vidaregåande opplæring, og at lærlingar bør få rett til karriererettleiing på linje med ordinære elevar.

Tilråding

Fylkesdirektøren for opplæring er samd med utvalet i at rådgjevingstenesta bør delast, men at det vil vere behov for lokal fleksibilitet og tilpassing. Vidare er fylkesdirektøren samd i at det blir innført kompetansekrav både for karriererettleiarar og for lærarakar som skal undervise i faget utdanningsval. Fylkesdirektøren er òg samd med utvalet i at karriererettleiing også må omfatte lærlingar. Likevel er det grunn til å peike på at dette vil krevje ei betydeleg auke i råmeoverføringane til fylkeskommunen.

Fylkesdirektøren meiner at eit eige karriererettleiingsfag for elevar på studieførebuande program må sjåast i samheng med *NOU 2015: 8 Fremtidens skole, Fornyelse av fag og kompetanser* og melding for Stortinget om *Fag – Fordyping – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* (melding til Stortinget 28. 2015-2016). Sett i lys av desse bør det vurderast om det skal opprettast eit eige karriererettleiingsfag.

Karriererettleiing ved karrieresentre og partnerskap i fylka

Karrieresenter

Utvalet føreslår at fylkeskommunen får ei lovpålagt plikt til å syte for at alle over 19 år får eit tilstrekkeleg tilbod om karriererettleiing. Vidare meiner utvalet at det skal etablerast karrieresenter med tilstrekkeleg kapasitet i alle fylke, slik at den vaksne befolkninga sin tilgang på profesjonell karriererettleiing vert styrka. Gjennom å auke fylkeskommunen sitt råmetilskot monaleg, vil ein kunne nå kjerneoppgåva som er **rettleiing til heile befolkninga**.

Utvalet meiner vidare at det bør etablerast eit karriererettleiingstilbod på nett som består av ein nettstad med informasjon og sjølvhjelpsressursar og ei e-rettleiingsteneste. Tilbodet vil totalt sett bety ein auke i tilgang av karriererettleiing for alle.

Partnerskap

Partnerskap for karriererettleiing bør vidareførast og finansierast gjennom statleg tilskotsordning, slik at partnerskapsarbeidet vert forankra og prioritert. Partnerskapen skal ikkje vere eigar av karrieresentera, men samarbeidet mellom karrieresentera og andre aktørar, som NAV og kommune, bør skje innanfor råma av partnerskap.

Utvalet meiner at for å styrke samanhengen, samarbeid og koordinering mellom de ulike aktørane og verkemidla på det kompetansepolitiske området, bør partnerskap for karriererettleiing vere ein sentral del av regionalt kompetansepolitisk arbeid.

Tilråding

Fylkesdirektøren for opplæring er samd med utvalet i at det vert oppretta karrieresenter i alle fylke, at fylkeskommunane får ei plikt til å gje tilstrekkeleg tilbod til alle over 19 år og at finansieringa av denne plikta må skje gjennom auka løyvingar i råmetilskotet.

Fylkesdirektøren meiner det fortsatt vil vere viktig å ha eit rettleiingstilbod «ansikt til ansikt», men at det som eit supplement til dette, bør utviklast eit offentleg finansiert tilbod i form av nettstad og e - rettleiingsteneste. Dette vil auke kapasiteten og tilgangen, bidra til ein meir effektiv ressursutnytting og sikre kvaliteten på innhaldet av informasjonen. Særleg i eit fylke som Sogn og Fjordane med spreidd busetnad, vil eit nettilbod auke tilgangen for ei større gruppe av befolkninga.

Fylkesdirektøren for opplæring er samd i at partnerskapsarbeidet må forankrast og prioriterast slik at oppgåvene til partnerskapen i større grad vert retta inn mot det regionale kompetansepolitiske arbeidet. Arbeidet i partnerskapen bør finansierast gjennom eigne statlege tilskot og innrettast slik at han i større grad tek høgde for lokal handlingsfridom.

Introduksjonsordninga for nykomne innvandrarak

Utvalet meiner at nykomne innvandrarak må få tilstrekkeleg tilgang til karriererettleiing gjennom introduksjonsordninga, og at dei bør omfattast av det lovfesta tilbodet om karriererettleiing til alle over 19 år. Karrierelæring må inngå som ein del av opplæringa i norsk og samfunnskunnskap, og at både programrådgjevarar i introduksjonsprogram og lærarak i norsk og samfunnskunnskap, har ei karrierefagleg utdanning på minimum 30 studiepoeng.

Tilråding

Fylkesdirektøren for opplæring er samd i utvalet sine vurderingar og tilrådinga for introduksjonsordninga for nykomne innvandrarak.

Nettbasert tilbod

NOU 2016: 7 *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn* trekkjer fram at om karriererettleiing skal bli eit kompetansepolitisk verkemiddel, må det satsast på kvalitet og profesjonalitet og utviklast eit heilskapleg system for livslang karriererettleiing. Eit heilskaplag system for livslang karriererettleiing bør bestå av både eit fysisk og eit nettbasert tilbod. Tilboda må utviklast innanfor eit rammeverk som skildrar standardar for *tilgjenge, innhald, samanheng og kvalitet og profesjonalitet*.

Tilråding

Fylkesdirektøren for opplæring er samd i at det må etablerast både eit fysisk og eit nettbasert tilbod i rammeverket for karriererettleiing. Tilbod må utarbeidast med standardar, slik at systemet vert meir heilskapleg enn det er i dag.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren for opplæring er samd i rapporten si framstilling av at karriererettleiing må etablerast som eit meir heilskapleg system. Samstundes er det avgjerande at systemet er fleksibelt nok til å ivareta den lokale handlingsfridomen. Vidare meiner fylkesdirektøren at skal ein kunne få til rettleiing til heile befolkninga må avstanden til brukarane ikkje opplevast som for stor. Lokal handlingsfridom og nærleik til tenester er naudsynt for at eit fylke med desentralisert og spreidd skule- og næringsstruktur, skal kunne etablere ei tilstrekkeleg karriereteneste .



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 27.09.2016

Sak nr.: 16/5974-4

Internt l.nr. 32200/16

Sak: 24/16

Tittel: **NOU 2016: 7 Høring Karriereveiledningsutvalgets sluttrapport Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn**

Behandling:

Dette gir følgende endeleg vedtak:

1. Hovudutval for opplæring vedtek høyringsfråsegna til NOU 2016: 7 *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn*, slik den kjem fram av saksframstillinga.



Saksprotokoll

Organ: Fagopplæringsnemnda

Møtedato: 13.09.2016

Sak nr.: 16/5974-3

Internt l.nr. 30986/16

Sak: 11/16

Tittel: **NOU 2016: 7 Høring Karriereveiledningsutvalgets
sluttrapport Norge i omstilling - karriereveiledning for
individ og samfunn**

Behandling:

Dette gir følgende endelig vedtak:

1. Fagopplæringsnemnda råder hovudutvalet for opplæring til å vedta høyringsfråsegna til NOU 2016: 7 *Norge i omstilling - karriereveiledning for individ og samfunn*, slik den kjem fram av saksframstillinga.